

Hogstein

Freda kulturminne

Ellifrøysa kan daterast til yngre romartid om lag 375-400 e.Kr. Gravkammeret vart oppdaga i 1948 i samband med uttak av stein. Vi finn storhaugar langs heile vestlandskysten. Gravskikken dukkar opp alt i bronsealder og held seg som gravskikk heilt inn i yngre jernalder.

Forskarar har tolka dei store gravhaugane som teikn på makt, både politisk, militær, religiøs og økonomisk makt. Gravskikken viser at det har vore store sosiale skilnader mellom folk. Vi reknar med at det var storbonden eller husfrua som vart gravlagd i dei store haugane.

Storleiken på gravene må ha kravd tilgang på mykje arbeidskraft, byggjemateriale, kunnskap om slik bygging og hjelpemiddel for å få haugen ferdig. For å ha hatt tilgang til alt dette, må det ha vore ein av hog byrd frå ein storgard i nærleiken av Ellifrøysa som vart gravlagd her. Ei nedteikning frå det 14. hundreåret frå Sunnmøre seier at "Ellif Jarl ligger i Ellifhaug i Gude".

Gjenstandane som er funne i grava, var verdfulle importvarer av gull, sølv og bronse frå dei romerske provinsane. Dette tyder på at det på garden var eit overskot av varer som kunne bytast i luksusvarer frå Kontinentet. Det viktigaste med å plassere gravhaugane her må ha vore at haugane skulle vere synlege frå langt hald og særleg frå sjøen.

Vi kan lese om gravskikken i gamle tekstar: i Homers Odysseen frå 500 f.Kr. finn vi frå gravlegginga av Akilles, Petroklos og Antilokos:

"Yver dykk alle då ein stor og prydeleg gravhaug reiste den kraftfulle spjotsvingar her av djerne Akalar ut på ei framskoti strand ved den breie straum Hellespontos at han synleg skal vera langveges ute frå havet for dei sjømenn som er og dei som sidan skal koma".
(Frå Odysseevskvædet av Homer, gjendikta av Arne Garborg)

Gravrøysa på Hogstein-garden er frå ein periode i yngre romartid som arkeologane kallar ein gullalder på Sunnmøre. Gjenstandane som er funne i Ellifrøysa blir oppbevart på Bergen Museum.

Fakta

- 37 meter i tverrmål og opptil 5 meter høg.
- Gravrøysa er bygd av fjørestein, men hadde eit tynt jorddekke over.
- I austre del er det eit 10 m breitt og 3,5 m djupt krater som går heilt inn til sentrum av røysa. Her kan ein sjå eit kring 60 cm langt, 50 cm breitt og 40 cm djupt gravkammer.
- Nede i kammeret låg ein bronsekjel med brende bein og gravgaver av gull, sølv og bronse.
- Det er også funne eit sekundært gravkammer, men her er ikkje gjort funn.
- Rikdommen, storleiken og plasseringa syner at ein stormann har blitt gravlagd her.

Funn

- Bronsekjel av typen vestlandskjel, 34 cm i tverrmål og 17 cm høg
- Gullring (betalingsring av 311 g gull)
- Romersk keisarmedaljong med innskrifta
- CONSTANS (Keisar Constans år 337 - 350 e.kr)
- Stift av gull
- To sølvbeger
- Fragment av bronse
- Beinkam
- Pilspissar av bein
- Brende bein
- Bjørnekler
- Leirkarskår
- Klinknagle av jarn



Foto: Per Hult 1942 (Bergen Museum)



Foto: Bjørnt Skarshov, "De første fotografier"

Bronsekjel med bein og gjenstander



Foto: Per Hult 1942 (Bergen Museum)

Gullring



Foto: Svein Skare (Bergen Museum)

Brakteat



The Ellif Burial Mound dates from the early roman era about 375 - 400 A. D. The burial chamber was discovered in 1948 in connection with stone removal. There are large burial mounds all along the west coast of Norway. This burial custom started as early as the Bronze Age and continued into the early Iron Age.

Scientists have interpreted the large burial mounds as symbols of power, both politically, militarily, religiously and economically. This burial custom shows that there have been great social divides in society. We assume that it was the chieftain farmer or the mistress of the chieftain's farm who were buried in the large mounds. The artifacts found in the grave were valuable imported goods of gold, silver and bronze from the roman provinces. This indicates that the farm had a surplus of goods which could be traded with luxury items from the Continent. The burial mound is 37 meters across and up to five meters tall.

Finds: Bronze kettle, gold ring, Roman imperial medallion, silver goblet, bone comb, arrowheads of bone, bear claws and clinch bolts of iron.

Der Ellifgrabhügel stammt aus der frühen Römischen Kaiserzeit etwa 375 - 400 n. Chr. G. Die Grabkammer wurde 1948 in Verbindung mit Steinförderung entdeckt. Es gibt Grabhügel die ganze Westküste entlang. Dieser Grabgebrauch tauchte schon in die Bronzezeit auf und dauerte bis weit in der frühen Eisenzeit fort.

Forscher haben die große Grabhügel als Zeichen auf Macht auslegt, sowohl politisch, militärisch, religiös als wirtschaftlich. Der Grabgebrauch zeigt dass es große soziale Unterschiede zwischen Leuten gab. Wir annehmen dass es war der Großbauer oder die Hausherrin die in die große Hügel begraben wurden. Die Gegenstände die in das Grab gefunden ist waren wertvolle Einfuhrwaren von Gold, Silber und Bronze von den römischen Provinzen. Dieses deutet auf dass den Hof einen Überschuss von Waren hatte, die gegen Luxusgüter vom Kontinent getauscht werden konnte. Der Grabhügel ist 37 Meter im Durchmesser und bis zu 5 Meter hoch.

Funde: Bronzekessel, Goldring, römisches Kaisermedaillon, Silberbecher, Beinkamm, Pfeilspitzen von Bein, Bärkrallen und Nageln von Eisen.